



Fitjar vidaregåande skule
Postboks 44
5418 FITJAR

Dato: 25.06.2014
Vår ref.: 2014/12056-11
Saksbehandlar: marhaa5
Dykkar ref.:

Søknad om midlar til auka gjennomføring 2014 / 2015. Tilsegn om midlar. Fitjar vidaregåande skule

Vi viser til utlysing av midlar i skriv til skulane av 22.04.14.

Vi har fått inn søknader frå 35 skular. Det er sett av 3.4 mill. til tiltaka, vi fekk søknader på ca. 7. 6 mill. Ved gjennomgang av søknadene og kriteria for tildeling, har vi lagt vekt på følgjande, slik det også blei informert om ved utlysing:

- Andel elevar med låge inntakspoeng
- Andel elevar med omval
- Tal på elevar som ikkje kom inn på sitt 1.val
- Tal på sluttarar

I tillegg har vi lagt vekt på utfordringar for skular med mange minoritetsspråklege elevar .

Basert på erfaringane dei siste tre åra, vil vi støtte opp under vidareutvikling av tilbod i studieverkstad, forsøk med intensiv opplæring, og tilbod til OT-elevar.

Tilsegn om midlar til den enkelte skule viser kva tiltak vi gir støtte til.

Vi gir med dette Fitjar vidaregåande skule tilsegn om kr. 100.000 til oppretting av fráværsteam og intensivkurs.

Vi minner om rapport for verksemda i skuleåret 2013-14: **30.juni 2014**

Linda Farestveit
seksjonsleiar

Marianne Haaland
seniorrådgivar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

